

Sjå adresseliste

Dykkar ref: Vår ref.: Sakshandsamar:
 .2017/1423- Magnus Berg
 39, S05

Dato
11.11.2025

Samordna innspel frå Otra-kommunane

Vilkårsrevisjon for Otravassdraget

Frå: Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland og Vennesla kommunar

Innleiing

Kommunane langs Otravassdraget viser til møtet 28. oktober 2025 og NVE si orientering om ny saksgang etter delegert myndigheit. Kommunane ynskjer å bidra til eit oppdatert og kunnskapsbasert grunnlag for sakshandsaminga og sender med dette eit samla innspel som:

- avgrensar seg til *nye moment* som kom fram i møtet og i etterkant
- lyftar fram tema som vert vurderte som særleg relevante for revisjonsprosessen
- peikar på tiltak som kan gi stor miljøeffekt utan vesentlege produksjonstap
- er knytte til miljømål etter vassforskrifta, tryggleik og ålmenta sine interesser

Kommunevise nye moment etter møtet 28.oktober

Momenta kjem i tillegg til høyringssvara kommunane har gjeve tidlegare i samband med vilkårsrevisjonen.

Bykle kommune

- Kommunen støttar at planlagde pumpekraftverkskonsept ikkje inngår i revisjonen, men handsamast separat dersom konsesjonssøknad vert sendt. Dette for å sikre ryddig og effektiv revisjonsprosess.

Valle kommune

1. Krypsiv

- Sauda/NINA-rapportene viser auka kunnskap om regulantens ansvar.
- Kommunen ber om at NVE vurderer krav om årleg og systematisk fjerning/klipping på prioriterte strekningar.

2. Overflatetapping i badesesong

Kommunen ber om vurdering av å stille krav om tapping av overflatevatn i juni–august, grunngjeve i:

- temperaturforbetring (vasskvalitet og friluftsliv)

Tiltaket vert vurdert som proporsjonalt og med avgrensa produksjonspåverknad.

3. Erosjon og flaum

Kommunen vurderer at:

- erosjonssituasjonen nedstraums Brokke kraftverk (bl.a. ved Rysstadmo) er aukande
- flaumutfordringar i Farå-området krev særleg merksemd, også med tanke på beredskap, riksveg 9 og kryssingspunkt

Kommunen ber om at NVE vurderer tiltak som del av revisjonen.

4. Villrein

Kommunen viser til kvalitetsnorma for villrein (klassifisering 2022), der Setesdal Ryfylke fekk **dårleg** og Setesdal Austhei **middels** kvalitet. Kraftutbygging er konkret peika på som ein av hovudårsakene til klassifiseringa i Setesdal Ryfylke.

Kommunen ber om at NVE vurderer kompenserande tiltak knytt til:

- oppfølging av tiltaksplan som vert vedteken av departementet

Bygland kommune

1. Krypsiv

Kommunen understrekar at innfrysingstilskot ikkje er tilstrekkeleg som verkemiddel. Bygland ber om krav om konkrete og operative tiltak i tråd med Sauda-rapporten og miljømåla.

2. Bleke

Kommunen peikar på behov for:

- vidare ressursar til blekeprosjektet
- tiltak for frie vandringsveggar
- handtering av gassovermetning og vassstemperatur

3. Friluftsliv og tilgang

Kommunen ber om betre merking og tilrettelegging der tersklar og attgroing skapar hinder.

4. Freda bru- og sluseanlegg

Tiltak må ta omsyn til fredningsvedtak (2022) for bru- og sluseanlegget i Storstraumen.

Evje og Hornnes kommune

1. Kilefjorden som del av reguleringsmagasinet

Kommunen meiner det er dokumentert at Kilefjorden og Gåseflåfjorden utgjer eitt samanhengande reguleringsmagasin for Iveland kraftverk, og ber om at dette vert formelt definert i revisjonsgrunnlaget.

2. Revisjon av manøvreringsreglementet

Kommunen ber om at HRV og LRV for Kilefjorden vert vidareførte i nytt reglement, og at reglementet omfattar heile magasinet. Det bør fastsetjast krav til maksimal varigheit over HRV og til koordinert drift mellom Byglandsfjorden, Gåseflå og Kilefjorden.

3. Tiltak i sundet Soga

Sundet Soga utgjer ein flaskehals som medfører oppstuvning og auka flomfare. Kommunen ber om at det som del av revisjonen vert vurdert krav om kanalisering og utdjuping.

4. Miljø- og samfunnshensyn

Kommunen ber om tiltak som reduserer erosjon og sikrar strandsona, samt krav om miljøovervaking og oppfølging av vassstandsendingar.

Iveland kommune

Iveland kommune støttar innspela frå Evje og Hornnes knytt til:

- manøvrering
- magasinavgrensing
- tiltak i Soga
- erosjon og tryggleik

Ingen eigne nye moment.

Vennesla kommune

Vennesla kommune støttar delar av Evje og Hornnes sitt innspel, men understrekar at tiltak ikkje må medføre:

- endra kotehøgd i Kilefjorden
- endringar i vasspeilet sør for Setesdalsbanen
- negative konsekvensar for nærmiljø, fiske eller friluftsliv

Laks og vassføring

Kommunen ber om vurdering av om betre vassføring frå Byglandsfjorden i kritiske periodar kan styrke laksebestanden.

Krypsiv

Kommunen understrekar behovet for kontinuerleg klipping.

Revisjonsomfang

Kommunen etterlyser framleis vurdering av Nomeland, Steinsfoss og Iveland kraftverk, men tek til etterretning at desse ikkje er innkalla i denne runden.

Kommuneovergripande forslag til prioriterte vilkår

Kommunane ynskjer å peike på nokre felles tiltak som framstår som både proporsjonale, miljøfaglege og lite inngripande for kraftproduksjon.

- Krypsiv – operative, årlege tiltak
- Gassovermetning – tiltak ved identifiserte bekkinntak
- Bleke – vandringsvegar, temperaturtiltak, tiltaksplan
- Flaum og erosjon – Farå, Rysstadmo og Soga
- Manøvreringsreglement – klårare rammer og betre samordning

Avslutningsvis

Kommunane ber om at NVE tek dei nye og prioriterte innspela inn i den vidare handsaminga av revisjonssaka. Tiltaka er valde fordi dei:

- knyter direkte til miljømål i vassforskrifta
- er realistiske og gjennomførbare
- gir stor miljøgevinst med avgrensa produksjonspåverknad
- styrkar tryggleik, naturmangfald og allmenn bruk av vassdraget

Kommunane stiller seg positive til vidare dialog.

Venleg helsing

Vidar Homme
Kommunedirektør

Adresseliste:

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091
Majorstua

0301 OSLO

Kopi til:

BYKLE KOMMUNE
BYGLAND KOMMUNE
EVJE OG HORNNES KOMMUNE
IVELAND KOMMUNE
VENNESLA KOMMUNE

Sarvsvegen 14	4754	BYKLE
Sentrum 18	4745	BYGLAND
Kasernevegen 19	4735	EVJE
Frikstadveien 20	4724	IVELAND
Postboks 25	4701	VENNESLA